



ÅRSMELDING ÅRDAL BRIDGEKLUBB

Årsmelding for sesongen 2024

1. Innleiing

Året har vore eit tilnærma normalår når det gjeld aktivitet. Årdal BK har til liks med trenden i bridgeaktivitet landet elles eit fråfall av medlemmar. Nokre medlemmar har diverre gått bort med konsekvens at også makker blir borte frå klubbspelinga. Kurs og comeback aktivitet har vore gjennomført nokre Torsdagar, utan at me har lukkast med fleire aktive medlemmar. Økonomien er framleis god og me takkar vår gode samarbeidspartner, Årdal Catering AS, Sunde Resirk AS og Agnitio AS for god støtte.

2. Klubbkveldar

Det blei i 2024 helde 35, klubbkveldar totalt. Dette var fyrste året på lenge me tok sommarferie frå spelinga. Aktiv medlemsmasse har gått ned frå 27 i 2023 til 23 i 2024, som er ein reduksjon på 4 frå året før.

3. Styret

Styret har fylgjande samansetjing.

Styreleder	Arne Håkon Laberg	(På val)
Nestleder:	Henrik Rønningen	(På val)
Styremedlem:	Morten Kleiven	(På val)
Kasserer:	Robert Hæreid	(På val i 2025)
Styremedlem:	Sveinung Haug	(På val i 2025)
Styremedlem:	Tøger N. Rønningen	(På val i 2025)

Valnemnd: Kåre Kvamsdal og Hege T. A. Olsen

4. Møter / viktige saker

- Styret har hatt 5 styremøter
 - Investeringar
 - Rekruttering, kurs og comeback aktivitet
 - Økonomi
 - Turneringar

5. Turneringar

Stort sett faste par som deltek på turneringar. Me oppfordrar fleire til å delta. Eitt lag spelar i 3 div. (Kåre, Robert, Arne Håkon, Morten, Henrik og Reidun) Me hadde i 2024 også eitt lag i 4 divisjon.(Geir H/Jan, Jan Gunnar/Torgeir) På km stilte me med heile 5 par. Kåre/Robert og Arne Håkon/Morten, Henrik/Reidun, Jan Gunnar/Geir G og Geir H/Jan. Elles var me heile 4 par som deltok på Kielercup med

“life is a game, bridge is serious”



Nesodden BK. Reidun og Henrik deltok også på mixNM. Litt fleire par på påsketurnering på Hafslo og gløgg bridge i Skjolden.

Ein svært god prestasjon av Kåre og Robert med 19 plass i NM par etter ein spanande kvalifisering som enda på 3 plass i KM på skei.

6. **Kurs / rekruttering**

Ein må også i 2025 prøve å få i gang nybyrjarkurs, samt eigne spelekveldar for comeback og nybyrjarar. Det er utfordrande å få med kursdeltakarane til klubbspeling. I tillegg til dette oppfordrar me medlemmar til å arrangere spelekveldar heime med nybyrjar.

7. **Turnering i eigen regi**

Sume Resirk turneringa var også i år ein suksess. Me har håp om å arrangere ein større turnering til i August.

8. **Inntekter**

Grasrotmidlane er framleis ei viktig inntektskjelde for klubben. Vi vonar så mange som mogeleg av medlemmane kan støtte opp om dette til klubben.

MVA refusjon. Klubben søker årleg om refusjon. Elles er spelekveldane eit viktig inntektskjelde.

9. **Turneringsleiar**

Me oppfordrar medlemmar til å ta kurs og utdanne seg til turneringsleiar.

10. **Sluttord**

I år som tidlegare må klubben halde fram med å tenke utvikling og rekruttering. Ta difor godt vare på nye medlemmar og inviter nye inn i klubben. God trivsel og ein kjekk møteplass vil føre til auka aktivitet. Bridge er hobbyen me kan ha eit heilt liv. Vi bør alle ta eit ansvar i å rekruttere nye medlemmar til oss. Dette vil alltid være det viktigaste arbeidet framover. Alternativet er ikkje å føretrekke.

Elles takkar me alle vore trufaste medlemmar som spelekveld etter spelekveld stiller opp i klubben. De er gull verdt alle saman. **TUSEN TAKK!**

“life is a game, bridge is serious”



11. Rekneskap

Rekneskap Årdal BK 2024

Inntekter	KR	Utgifter	KR
Klubbkvelder + turnering kontant	3 300,00	Premier Sunde + juleavslut.	6 014,50
Vipps klubb og turnering	53 923,00	Vippsgebyr	941,60
MVA komp.	10 286,00	Div utstyr	
Dubleringsinntekter	6 835,00	Reisekostnader	600,00
Sunde Resirk sponsing	8 000,00	Annonse Porten	3 220,00
Grasrotandel Norsk Tipping	43 445,15	NM Par	6 600,00
Agnitio sponsing	8 554,50	3 / 4 div speleavgift / reise	33 940,00
Medlemskont. Kontant	800,00	KM par / reise	3 025,00
Årdal Catering sponsing	23 520,00	Mat Sunde Resirk cup	23 520,00
		Dubleringsutgifter	9 134,00
		Serviceavgift forbund	12 125,00
Renteinntekter	131,00	Medlemskontigenter	10 250,00
		IT kostnader (ms365 + dom)	2 554,50
		Utlegg klubbkvelder	844,00
		Minnegåver	1 000,00
		Bankgebyr	120,00
		Premier klubbturnering	2 780,10
Sum inntekter	158 794,65	Sum utgifter	116 668,70
Sum Sparekonto 31.12.2024	207 967,00		
Sum driftskonto 31.12.2024	44 425,43		
Sum bankkonti 01.01.2024	210 266,48		
Sum bankkonti 31.12.2024	252 392,43		-
Overskot 2024	42 125,95		42 125,95

Styret i Årdal BK

<i>Arne Håkon Laberg</i>	<i>Robert Hæreid</i>	<i>Sveinung Haug</i>
Arne Håkon Laberg	Robert Hæreid	Sveinung Haug
Leiar	Kasserer	Styremedlem
<i>Henrik Rønningen</i>	<i>Morten Kleiven</i>	<i>Tøger Rønningen</i>
Henrik Rønningen	Morten Kleiven	Tøger Rønningen
Styremedlem	Nestleiar	Styremedlem

“life is a game, bridge is serious”



Revisjonsberetning Årdal BK for sesongen 2024

Til årsmøtet i Årdal bridgeklubb.

Underteikna har kontrollert rekneskapen for Årdal BK som syner
Overskot for 2024 med kr 42.125,95

Årdal BK er utan lån og har ein saldo ved årskiftet til
Nytt år (2025) på kr 252.392,43

Årdal BK har etter min oppfatning ei sunn drift og har i fleire år
på rad auka sin behaldning på konto monaleg.

Helsing Revisor

Jon Klingenberg

Jon Klingenberg

Dato: 13. feb 2025